



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Olav Herøy  
Fyrsundvegen 34  
5947 FEDJE

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/899 - 14/3478

Saksbehandlar:  
Øyvind Hatleli  
oyvind.hatleli@radoy.kommune.no

Dato:  
07.04.2014

## Søknad om skadefelling av gås - sakshandsaming

Viser til dykkar søknad om skadefelling av gås.

Det har i dei seinare åra vorte eit aukande problem med beiteskader av grågås i Hordaland. Jakttid for gås er 10.aug – 23. des. Sidan grågåsa startar trekket sitt før ein klarar å ta ut nok fugl, og ein klarar difor ikkje å regulere bestanden med ordinær jakt. Skadefelling er eit unntak frå viltlova og fredningsprinsippet for å hindre eller begrense skade på avling, og skal ikkje brukast som eit bestandsregulerande verkemiddel.

Søknaden skal handsamast etter *Forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon* FOR 1997-09-01 nr 1000.

Det er krav at skaden har skjedd før ein kan gje løyve til skadefelling. Det er eit kjendt problem med gås i heile Nordhordland, og sidan gåsa startar beite på slåttemarka så tidleg, risikerar ein større skade på enga. Det vil, i tillegg til redusert avling, vere eit større problem at gåsa skit i avlinga og øydelegg foret. Det har vore fleire artiklar om kor store tap gje har på avlinga, og kva tap dette utgjør for bonden. Etter forskrifta skal det vera eit vesentleg økonomisk tap før ein kan gje løyve til skadefelling. Det er sauedrift på garden, og tap av avling vil absolutt kunne gje eit vesentleg økonomisk tap.

Det er krav om at det skal vere freista andre metodar for å få bukt med problemet før ein skal gje skadefellingsløyve. Dette er som sagt eit gjentakande problem, og det har vore freista med skremmetiltak utan at det fungerer. Det er i dag ikkje andre aktuelle tiltak i området som er realistiske.

Grunneigar har også rett til å plukke/ punktere egg fram til 15. april. Dette kan vere ei løysing mot å redusere rekruttering i bestanden.

Skadefelling er ikkje ei god løysing på det aukande problemet med gås i regionen, og Felles landbrukskontor ynskjer difor å få til ein forvaltningsplan for gås, for å betre kunne regulere bestanden. Arbeidet med forvaltningsplan vert forhåpentlegvis ferdig til neste sesong.

### Vedtak:

Landbrukskontoret gjev Olav Herøy løyve til å ta ut fem individ av grågås på innmarka si på Fedje. Det skal takast ut ungfuglar eller ikkje-hekkande individ då det er dei som gjer mest skade. Det skal søkjast å ta ut skadegjerande individ der skadane er størst. Løyvet gjeld fram til 4.mai.2014.

Rapport på fellingsresultat skal sendast landbrukskontoret så snart som molgeg, og innan 14.mai.2014

Med helsing

Øyvind Hatleli  
spesialkonsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Olav Herøy

Fyrsundvegen 34 5947

FEDJE